



Det var to gode konsertar ved fylkesmusikarane ombord på Mathilde då jakta var i Uskedalen. (Foto: Siv Framnes).

Haradangerjakta Mathilde var på kulturferd gjennom Kvinnherad i sist veke og tre fylkesmusikarar som var med den tradisjonsrike båten gav oss eit tverrsnitt av kystkulturen.

Her i Uskedalen var det ein fullsett skulekonsert på dagtid, men diverre kom det berre 25 til den gode konserten på kveldstid. Kultursjef Kristian Bringedal hadde venta nokon fleire.

Men mannskap og skute hadde kontakt med Ole Kristoffer Vågen på Skorpo. Det kom fram at jakta ofte er innom Skorpevåggen på segling gjennom Storsund då mannskapet kjenner Ole Kristoffer svært godt.

Under konserten vart det sagt fram ei helsing til Mathilde og overrekk tre bøker frå Uskedalen til skipsbiblioteket deira. Det var boka om Uskedalen kyrkje i 90 år. Kvinnherskringlo og Olaf Agnar Gausviks "Det droplar og dryp".